

# *Velkommen til opning av NORDØYHALLEN*



*Vi ynskjer med dette å invitere Dykk til offisiell opning av Nordøyhallen laurdag 28. mai 2011 frå kl. 13:30 til 15:00 ved Haramsøy Barne og Ungdomsskule på Haramsøya.*

## *Program:*

- |                  |   |
|------------------|---|
| <i>Kl. 13:30</i> | <i>Opning av songarstemne v/ Noregs Korforbund</i>                    |
| <i>Kl. 13:40</i> | <i>Diverse kulturelle innslag</i>                                     |
| <i>Kl. 13:50</i> | <i>Presentasjon av byggeprosjektet Nordøyhallen og planane vidare</i> |
| <i>Kl. 14:00</i> | <i>Opning av Nordøyhallen v/ Kulturminister Anniken Huitfeldt</i>     |
| <i>Kl. 14:15</i> | <i>Diverse kulturelle innslag</i>                                     |
| <i>Kl. 14:45</i> | <i>Kaffi og kaker</i>   |

*"Kultur har alltid vore ein viktig del av samfunnet på øyane. Allsidig kultur er med på å styrke fellesskapet, det gir godt bumiljø som igjen aukar livskvaliteten."*

## *Nordøyhallen – frå luftslott til realitet*

*For 3 år sidan var det nokre få karar som lanserte ideen om å bygge ein hall på Haramsøya eller Longva. Dei fleste såg nok på prosjektet som eit luftslott, men karane i hallnemda såg mogelegheitene. Planlegginga av fleirbrukshallen Nordøyhallen var i gang. Motbakkan og medgangen gjekk hand i hand, men trua og stemninga i hallnemda var prega av ukuelig optimisme. Planane om ein fleirbrukshall på 69\*45 meter tok form. HaNo FK var initiativtakar til prosjektet, og gjorde vedtak om å gå inn med 1 million kroner i prosjektet. Det vart bestemt at hallen skulle plasserast på grusbana på Austnes.*

*Etter mykje dårleg kaffi og seine møter i hallnemda, kom det avgjerande gjennombrøtet for å få realisert hallen; 26.juni 2009 gjorde Haram kommune vedtak om å dekkje 1/3 av kostnadane ved å bygge Nordøyhallen. Luftslottet var i ferd med å gå inn for landing!*

*Det vart no jobba vidare på to plan. Vi jobba med å få økonomien på plass, og samtidig vart dei detaljerte planane for hallen lagt. Vi bestemte oss for å gå for ein isolert hall frå O B Wiik. Oppvarminga skal 4 store varmpumper sørge for. Det vart bestemt kva type kunstgras som skal ligge i hallen, og det vart henta inn tilbod på det meste. Då vi fekk store sponsorbidrag frå Rolls Royce og Sparebanken Møre, vart det også bestemt at vi skulle bygge eit tilbygg i enden av hallen på 240 kvadratmeter. Her kjem det garderobar, kjøken og lager.*

*15. juli starta så ein 8 månader lang dugnadsmaraton. Vi starta med forskaling og armering av ringmur midt i sommarferien. Etter 2500 dugnadstimar, kunne damelaget til HaNo/Lepsøy avvikle den første treninga i hallen 12. februar 2010. Ein milepæl var nådd, og øyane våre hadde fått ein super arena for ulike aktivitetar.*

*Vi har enno mykje godt arbeid framfor oss for å få den fleirbrukshallen vi vil ha. Tilbygget er ikkje ferdigstilt, og vi har ambisjonar om å få på plass klatrevegg og mobilt sportsgolv inne i hallen. Vi har også mange idear om kva slags aktivitetar som skal få plass i hallen. Her er det berre fantasien som set grenser. Mottoet er: mest mogeleg aktivitet*

*Vi er stolte av det vi har fått til så langt, gler oss til det som skal kome, og er takknemlege overfor dei som har støtta prosjektet. Nordøyhallen vil verte eit løft for øyane, og vil vere med på å auke aktiviteten blant barn, ungdom og vaksne.*